



Statens vegvesen

Stadnamntenesta på Vestlandet
LLE, UiB
Postboks 7805
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Ellen Slinde - 57655795

Vår referanse:
2010/005227-085

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.02.2014

Fv. 60 Olden - Innvik. Vurdering av skrivemåte på tunnelnamna Holentunnelen og Agjeldtunnelen og forslag til nytt namn for planlagd tunnel på strekninga Ugla - Skarstein.

Statens vegvesen ber Stadnamntenesta på Vestlandet om uttale på skrivemåten på tre tunnelar på vegprosjektet fv. 60 mellom Olden og Innvik i Stryn kommune.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/Hovudutval for samferdsle vedtok i deira møte 22. mars 2011, sak 11/1313-4, namna Holentunnelen og Agjeldtunnelen.

Det mangla tilråding av skrivemåte frå namnekonsulentane i denne saka. Vi ber difor om dykkar uttale om skrivemåte for namna Holentunnelen og Agjeldtunnelen. Dersom dykkar tilråding bryt med vedtaket i Hovudutval for samferdsle er vi klar over at saka må handsamast på nytt.

Vi ber i tillegg om tilråding av skrivemåte på forslag til nytt namn på ein tredje tunnel på denne parsellen. Dette namnet må etterpå leggst fram for Fylkeskommunen for vedtak i samsvar med vanleg saksgang.

Grunngjeving for namneval

Holentunnelen

Namneval på denne tunnellen vart teke opp med Stryn kommune i 2010. Holen er namnet som er nytta på staden. I kartet er Årholen brukt, men dette er ikkje nytta i daglegtale i Stryn. Etter tilråding frå kommunen vart Holentunnelen valt som namn på tunnelen.

Holentunnelen er opna og skilt er sett opp.

Agjeldtunnelen

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Stryn kommune og Statens vegvesen drøfta namnevalet i 2010 og kom fram til at Agjeld var det brukte namnet på denne staden. Denne tunnelen er under bygging og har planlagt opning våren 2014.

Ny tunnel på strekninga Ugla - Skarstein

Vanbergtunnelen er brukt som namn på den korte tunnel på eksisterande veg mellom Ugla og Skarstein. Eksisterande veg vil bli liggande att, så dette namnet kan ikkje nyttast på den planlagde nye tunnelen. Ut frå dei lokale namna i området ynskjer vi å få vurdert skrivemåte av desse tre alternative namna:

Geilantunnelen

Nevrehammartunnelen

Uglatunnelen

Alle namneforslaga tek utgangspunkt i lokale stadnamn i vestenden av planlagt tunnel. Ut frå dykkar tilrådingar om skrivemåte kan fylkeskommunen velja eit namn i samarbeid med Stryn kommune. For strekninga Ugla – Skarstein, der denne nye tunnelen er planlagt, er det ikkje sett av pengar til bygging enno.

Det haster for Statens vegvesen å få på plass riktig skrivemåte sidan namna må inn i dokumentasjon og beredskapsplan for tunnelane.

Avdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Margot Åsebø



Ellen Njøs Slinde

Kopi:
Kartverket Bergen, 3507 Hønefoss
Stryn kommune v/Anita Myklebust, Tonninggata 4, 6783 Stryn